



Kystverket
P.b. 1502
6025 ÅLESUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/628 - 14/15803

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
20.10.2014

Høyring - søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel i sjø, for endring av eksisterande anlegg, Laksevika.

Meland kommune har i post, innstempla 04.11.2013 motteke søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel. Søknaden gjeld arealdisponering i sjø og utviding eller endring ved lokalitet 10080 Laksevika. Avsett areal i gjeldande kommuneplan har vorte for lite og det er ønskje om ei mindre utviding. Lokaliteten er i bruk og søknaden er fremja av drivar Blom Fiskeoppdrett AS.

Drivar av anlegget og søkjar i denne saka har i samband med revisjon av kommuneplanenens arealdel tidlegare levert innspel til arealplan for utvidning av området avsett til akvakultur. Endeleg handsaming av arealplanen har vorte utsett, men drivar har behov for å få gjort snarlege avklåringar knytt til drifta av anlegget.

Meland kommune har tidlegare sendt søknaden på høyring til regionale instanser, men Kystverket vart i denne omgang utegløymt. Meland kommune fatta positivt vedtak i saka 13.02.2014, sak 12/2014. Vedtaket vart oversendt til Fylkesmannen i Hordaland v/Kommunal- og samfunnsplanavdelinga og Hordaland fylkeskommune v/Regionalavdelinga for å vurdere om dei ville nytta klageretten sin.

Dette dispensasjonsvedtaket vart påklaga av Advokatane i Forsvarsbygg på vegne av Staten v/Forsvarsdepartementet v/forsvarsbygg. Deler av omsøkt område er vidare ein militær forbodssone for Sjøforsvaret og er ikkje teke med i vurderinga av dispensasjonssaka.

Kommunen finn at påklaga dispensasjonsvedtak er gjort på feil grunnlag fordi søknaden ikkje har vore sendt til Kystverket for uttale.

Meland kommune oppheva tidlegare delegert vedtak, saknr. 12/2014 av 13.02.2014, i nytt delegert vedtak saksnr. 239/2014 av 02.10.2014..

Meland kommune mottok 08.10.2014 ei oppdatert kartskisse. Denne følgjer vedlagt.

Meland kommune ber om at eventuelle merknader vert sendt snarast og seinast innan 10.11.2014, til Meland kommune, Postboks 79, 5906 Frekhaug eller på e-post til postmottak@meland.kommune.no.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Oversiktskart Blom Fiskeoppdrett AS - Lokalitet 10080 Lasksevika.
Kartskisse eksisterande anlegg, plan for endring m.m.
Oppdatert anleggsskisse.

Kopi til:

Forsvarsbygg	Postboks 405	0103	OSLO
Advokat Firma Ahlgrenkreutz Blom Fiskeoppdrett AS	Ulvøy	5337	RONG

Mottakere:

Kystverket	P.b. 1502	6025	ÅLESUND
Fylkesmannen i Hordaland	Postb. 7310	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune	P.b. 7900	5020	BERGEN